SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
AVD./SEK.: LS | SBH.: BR
22 JUNI 2004
S.NR.: 04/271 - 10
ARKIV: 741.22 | AVSKREVET:

Møre og Romsdal fylke

Samferdselsdepartementet,
Transportavdelinga
Luftfartsseksjonen
pb 8010 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.:	Dykkar dato:	Vår ref.:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 10411/2004/N41	Atle Reinsberg, 71 25 87 40	14.06.2004

ANBOD REGIONALE FLYRUTER FRÅ 1. APRIL 2006 - HØYRINGSUTTALE

Vi viser til Dykkar brev datert 29. mars 2004 vedrørande uttale til utforming av anbodskrav for anbodsperioden 1. april 2006 – 1. april 2009 for dei regionale flyrutene.

Vi viser elles til informasjonsmøte med departementet 12. mai 2004.

1 INNLEIING

1.1 Status og trafikkutvikling for Hovden

Hovden har størst trafikkvekst av dei regionale flyplassane

Gjeldande anbodsvilkår krev minst 3 daglege rundturar til/frå Hovden. Krava er 1 direkte tur til/frå Oslo og 2 turar via Sogndal med korrespondanse til/frå Oslo og Bergen morgon og kveld.

Frå 1. mars 2004 auka Widerøe kapasiteten med ein ny rundtur til/frå Oslo via Sandane. På dagtid. Bakgrunnen for denne ruteutvidinga er den store trafikkauken Hovden har hatt.

Hovden er i anbodsområde 13. Avinor sin trafikkstatistikk viser slik utvikling:

	Innanlands passasjerar (ex transit) Tal/endring %				
År	2000	2001	2002	2003	2004 jan-mai
Hovden (13 b)	28 210 (-5,3%)	27 452 (-2,7%)	33 120 (+20,6%)	37 297 (+12,2%)	16 414 (+11%)
Sandane (13 b)	23 780 (-4,6%)	23 949 (0,7%)	25 313 (5,7%)	26 358 (4,1%)	

Postadresse: Fylkeshuset N-6404 Molde | Besøksadresse: Julsundvn 9 | Telefon: 71 25 80 00 | Telefaks: 71 25 87 53 | E-post: post@mrfylke.no | Web: www.mrfylke.no

Sogndal (13 a)	34 779 (-5,5%)	30 790 (-11,9%)	29 241 (-5%)	30 877 (5,6%)	
S & Fj totalt	217 362	195 679	201 422	212 625	
Regionale flyplassar	1 473 733 -6,6%	1 334 649 -9,4%	1 362 852 +2,6%	1 443 330 + 0,5%	439 767 (+3 %)

2000-2003	Endring passasjerar
Hovden	+32 %
Regionale flyplassar	-2%

- Hovden har hatt størst vekst av dei regionale flyplassane i perioden 2000-2003 (sett bort frå Fagernes). Hovden skil seg vesentleg frå totalutviklinga på dei regionale flyplassane. Veksten held fram i 2004.
- Veksten i anbodsområde 13 har skjedd på Hovden
- Hovden har også tidlegare fått trafikkauke ved rutebetringar, jfr vedlagte grafiske oversikt. Auken på slutten av 1980 talet hadde samanheng med auka setekapasitet

1.2 Manglande kapasitet morgon og kveld. Regularitetsproblem

- Delinga av kapasitet med Sogndal, kombinert med auka trafikk til/frå Hovden gjev kapasitetsproblem
- Passasjerar får ikkje plass, spesielt morgon
- Har vore regularitetsproblem vinterstid der mangelfull instrumentering på Sogndal er opplyst å påverke regulariteten. Risikoen for regularitetsproblem aukar ved mellomlandingar

1.2 HOVDEN HAR POTENSIAL FOR AUKA TRAFIKK I ANBODSPERIODEN

Hovden sitt nedslagsfelt aukar i anbodsperioden. Hovden har eit potensielt nedslagsfelt nestan på nivå med Kvernberget. Truleg godt potensial for auka trafikk i anbodsperioden ved gode ruteopplegg.

Hovden sitt primære nedslagsfelt i dag

Kommune	Folketall
Volda	8377
Ørsta	10267
Vanylven	3754
Sum	22398

Hovden sitt nedslagsfelt ved opning av Eiksundsambandet i 2007 aukar potensielt slik

Kommune	Folketall
Sande	2605
Herøy	8355
Ulstein	6761
Hareid	4670
Sum	22391

- Eiksundsambandet gjev ferjefritt samband til/frå Hovden. Reisetid Ulsteinvik – Hovden blir 20 –25 minutt, frå Hareid sentrum 30-35 minutt.
- Opninga av Eiksundsambandet gjev Hovden eit potensielt nedslagsfelt på 40 000 – 45 000 innbyggjarar innanfor ei reisetid til/frå flyplassen på 30 –40 minutt. Dei andre flyplassane i fylket har til samanlikning slike nedslagsfelt:

	Ålesund/ Vigra	Molde/Årø	Kristiansund/Kvernberget
Innbyggjarar < 1 time reisetid	67000	47000	33000
Innbyggjarar nedslagsfelt totalt	141000*	69000**	49000**

* Rekna med kommuner som også kan sokne til Hovden
** Rekna med kommuner som soknar til både Årø og Kvernberget

2 NY ANBODSPERIODE – VÅRE KRAV/PRIORITERINGAR

Vi ønskjer ruter direkte til/frå Oslo kombinert med gunstige overgangsbillettar til/frå Bergen, Trondheim, Stavanger

Vår grunngjeving er knytta til Hovden sin positive trafikkutvikling og potensialet for ytterlegare trafikkvekst slik det går fram i punkt 1framanfor:

- Den store og framhaldande trafikkauken på Hovden
- Det utvida nedslagsfeltet ved opninga av Eiksundsambandet i 2007 håpar vi at departementet vektlegg positivt
- Vi føreset at NTP opner for å satse på regionale flyplassar som både viser positiv trafikkutvikling og som har et underbygd vekstpotensiale. NTP uttykker auka distriktssatsing på regional luftfart, spesielt Nord-Norge, nordlige delar av Vestlandet. Ei eventuell nedleggjing av Fagernes og Narvik slik NTP legg opp til, håpar vi kan gje rom for nye prioriteringar, m a betre ruter til/frå Hovden.

Krav:

- Minst 4 daglege rundturar til/frå Oslo (som dagens rutetilbod)
- All trafikk til/frå Hovden direkte til/frå Oslo i kombinasjon med gunstige overgangsbillettar til/frå Bergen, Trondheim, Stavanger. Minimumskrav direkte avgangar morgon og kveld, dei 2 andre avgangane kan delast med Sogn og Fjordane i felles anbodspakke
- Hovden som eigen anbodspakke er ok, men Hovden kan være i anbodspakke med Sogn og Fjordane under føresetnad av direkteruter til/frå Oslo minimum morgon og kveld.
- Dagens ankomst- avgangstider til/frå Oslo er ok/ikkje kritiske.
- Flytype med tal seteplassar og standard minst som i dag

Trongen for gjennomgangsbillettar er m a knytt til:

- Søre Sunnmøre har mange tilsette i oljerelatert verksemd
- Statlige instansar har knytta Søre Sunnmøre til Trondheim i tenestesamanheng t d Regionsjukehuset (Helse Midt- Noreg har ikkje flytilbod nordover til sitt sentrale

sjukehus i Trondheim i dag) , Husbanken, Vegkontoret, Statsadvokat, Universitet, Arbeidstilsyn m fl. Reiser til/frå Trondheim må i dag skje via Vigra

Med helsing

Olav Brevik
samferdselssjef

Atle Reinsberg
Atle Reinsberg
førstekonsulent

./. Vedlegg:

Kopi av brev datert 12. mars 2004 frå Søre Sunnmøre Regionråd (sendt Dykk tidlegare)
Grafisk oversikt over trafikkutviklinga på Hovden sidan 1971

Kopi utan vedlegg

Søre Sunnmøre Regionråd	Storgata 8	6100	VOLDA
Ørsta Næringskontor	Strandgata 5 A	6150	ØRSTA
Kommunane, Ørsta, Volda, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Hareid			

Søre Sunnmøre Regionråd

Samarbeidsorganet for kommunane på Søre Sunnmøre

MØRE OG ROMSDAL FYLKE - MR	
År/saksnr.	Dok.nr.
16 MAR 2004	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Avdeling	Saksbeh.

Samferdsledepartementet
Transportavdelinga
Luftsfartsseksjonen
Boks 80101 Dep
0030 Oslo.

VURDERING RUTEOPPLEGG ØRSTA/VOLDA LUFTHAMN, HOVDEN VED NY ANBODSPERIODE FRÅ 1. APRIL 2006.

Det vert vist til brev av 26.1.04 frå Samferdsleavdelinga i Møre og Romsdal Fylke om denne saka.

Søre Sunnmøre Regionråd, samarbeidsorganet for kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda, har i møte 10.3.04, sak 16/04, vedteke følgjande fråsegn:

"Lokalt frå brukarhald er det signalisert ønske om ei omlegging av ruteopplegget slik at all trafikk til/frå Hovden går direkte til /frå Oslo i kombinasjon med gunstige overgangsbillettar derifrå. Hovden og Sogndal deler i dag same kapasitet noko som gjer at kapasiteten også blir opplevd som sprengt. Dette kan hindre eit mogleg potensial for fortsatt trafikkauke. Som vist har Hovden hatt ein særs stor trafikkauke, og Hovden sitt nedslagsfelt vert utvida i åra som kjem. Eiksundsambandet er planlagt opna i 2007 og vil gje ferjefritt samband til kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid."

Vi vonar at det vert teke omsyn til dette ved vurderinga av ruteopplegget ved neste anbodsperiode.

Volda, den 12.03.04

Ragnhild Aarflot Kalland
Leiar

Per Ernst Lundberg
Sekretær

Kopi:
Møre og Romsdal Fylke
Samferdsleavdelinga
Fylkeshuset
6404 Molde

Leiar: Ragnhild Aarflot Kalland
Volda kommune
6100 Volda
Tlf. 70058888
ragnhild.aarflot.kalland @volda.kommune.no

Sekretariat: Kontoret for Næringslivet i Volda
v/Per Ernst Lundberg
Storgt. 8, 6100 Volda
Tlf. 70078802
vinfo@online.no

1971	4118
1972	8835
1973	8451
1974	10225
1975	10508
1976	11364
1977	14103
1978	12254
1979	16113
1980	14830
1981	14823
1982	15897
1983	15915
1984	17057
1985	18138
1986	23237
1987	24510
1988	18602
1989	18003
1990	17202
1991	16619
1992	17834
1993	16197
1994	17519
1995	17615
1996	19399
1997	23589
1998	24479
1999	29761
2000	28239
2001	27452
2002	33120
2003	37297
SUM	603305